

## Møtereferat

Dato: 04.03.2016

Emne:	Referat RMNF-AU, 03.03.2016	
Til stades:	Kjell Håland, leiar Kjell Søvik, nestleiar	
Forfall:		Sak: 2014/558-181
Møtetid:	09:00-12:00	Møtestad: Fylkesutvalssalen, fylkeshuset

**Møteleiar: Kjell Håland**

**Referent: Ingeborg Borgen Takle**

### **Sak 5/16 Konferansen 22.-23. februar – evaluering**

Konferansen vart heldt 22.-23. februar på Scandic Ørn, i Bergen sentrum. Det var 21 kommunar representert på konferansen. Fyrste del av dag 1 vart noko redusert grunna glatt føre og ein kollisjon som hindra trafikken i heile Bergen, og fylkesvaraordførar steppa inn for fylkesordførar som skulle opna konferansen. Elles kom alle innleiarane slik dei skulle og gjorde ein veldig god jobb.

Det kunne vere noko betre plass i salen, særskilt med tanke på at alle som brukar rullestolar var tvungen å sitte bakarst. Det var og nokre innspel på at lufta kunne vore betre. Eit innspel var at det vart litt for hektisk på dag 1 i programmet, eit anna var at ein ønskja meir fokus på mental helse.

I etterkant har rådet fått mykje positive tilbakemeldingar på program og arrangement frå dei kommunale råda. Rådsleiar er invitert til gruppermøter for Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti for å informere om rådet sitt arbeid.

### **VEDTAK**

Konferansen 22.-23. februar – evaluering vert sett opp som ein politisk sak på neste rådsmøte. I saka vert det føreslått ein ny dagskonferanse før påska 2017.

### **Sak 6/16 Deltasenteret sitt nettverk for kollektivtransport**

Deltasenteret arrangerer eit møte for nettverk for kollektivtransport 24.-25. mai. Dette nettverket har rådet deltek i tidlegare.

Under same sak vart og andre kurs og konferansar diskutert. Til dømes SOR-konferansen den 2.-3. mai i Bergen.

### **VEDTAK**

Kurs og konferansar – rådets deltaking vert sett opp som ein politisk sak på neste rådsmøte. Arbeidsutvalet ønskjer at rådet diskuterer korleis ein ønskjer at kurs og konferansar vert sortert, kven som skal delta og kor mange som skal delta. Korleis skal arbeidsutvalet halde seg til framtidige invitasjonar?

I saka vert desse konferansane nemnt:

- Deltasenteret sitt nettverk for kollektivtransport – Kjell Søvik følgjer med på utlysing av påmelding, samt deltek på arrangementet. Arbeidsutvalet si innstilling er at 2 medlemer frå rådet deltek.
- SOR-konferansen. Arbeidsutvalet si innstilling er at 2 medlemer frå rådet deltek.

- Ymse konferansar som rådet sine medlemer har eller skal delta på.

#### **Sak 7/16      Regjeringa si nye handlingsplan for universell utforming**

Regjeringa lanserte si nye handlingsplan for universell utforming 02.02.2016. Det er ikkje moglegheit å kome med uttale til handlingsplanen.

#### **VEDTAK**

Regjeringa si nye handlingsplan for universell utforming vert sett opp som referatsak til neste rådsmøte.

#### **Sak 8/16      Regional planstrategi i samband med fylkestinget**

Rådet er invitert ved leiar til å delta i samråd om regional planstrategi i samband med fylkestinget 09.03.2016. Da leiar allereie sit i fylkestinget er rådet invitert til å delta med ein til person.

#### **VEDTAK**

Arbeidsutvalet vedtek at nestleiar deltek på samrådet om regional planstrategi.

#### **Sak 9/16      Årsmelding 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Arbeidsutvalet har utarbeida eit forslag til årsmelding.

#### **VEDTAK**

Årsmelding 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert sett opp som ein politisk sak på neste rådsmøte. Arbeidsutvalet føreslår slik tekst til årsmeldinga:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) i Hordaland hadde litt færre saker i 2015 enn i 2014. Det vart handsama 42 RS-saker og 58 PS-saker, og omfattar alt frå skulebygg, kollektivtrafikk (inkl. ferjer), høyringar, folkehelse, tannhelse, oppfølging av skulebruksplan og pedagogisk arkitektur. Kultur- og idrett har vore nesten fråverande på sakskartet for 2015, og dette er eit døme som viser at det er enno eit stykke veg å gå før RMNF er ein naturleg del av fylkeskommen si sakshandsaming.

I årsmeldinga for 2014 vart Voss Vidaregåande skule trekt fram som eit därleg døme på sakshandsaming, då rådet ikkje kom inn i prosessen før det nesten var for seint. I 2015 skjedde det same med Voss gymnas, der tilfeldigheit gjorde at ein oppdaga at forprosjektet skulle opp til politisk handsaming. Rådet måtte kalla inn til eit ekstra møte for å få ei orientering om prosessen. Universell utforming ser ut til å vera godt ivaretatt i prosjektet, men prosessen er ikkje god, då RMNF nok ein gong ikkje er ein naturleg del av sakshandsaminga. Med bakgrunn i tilsvarande saker, vart det den 07.09.15 gjort slikt vedtak:

*«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne foreslår at det neste rådet må jobbe for at alle planar i fylket som vedkjem universell utforming vert teken opp i rådet før politisk handsaming.»*

Rådet har i dialog med eigedomsavdelinga sett at ramane for bestilling av nye bygg vert lagt når eit bygg vert lagt ut på anbod, og at det kan vere vanskeleg å gjøre endringar etter denne tid. Difor var det gledelig at dokumentet «Pedagogisk arkitektur - Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK», som vert brukt som eit grunnlag ved bestilling av nye bygg, vart lagt føre rådet for uttale. RMNF kom med fleire innspel som vart inkorporert i det endelege dokumentet. Rådet er nøgd med denne moglegheita til å legge premiss tidleg i prosessen og sett pris på at opplæingsavdelinga inviterte til dialog i saka.

Når det gjeld samferdsle kan desse sakene nemnast:

- Fysisk skilje mellom mjuke og harde trafikkantar i tunnel (under 500 m). Her har rådet gjeve uttale på at ein må ha fysisk skille mellom mjuke og harde trafikkantar inne i tunnellene.
- I 2015 er det gjennomført ei kartlegging av ferjekaiar i fylket, noko rådet er veldig positiv til. Som ein del av arbeidet med universell utforming av ferjekaiane har rådet særleg påpeikt tiltak for synshemma og blinde.

- I samband med val av standard for fylkesveg, har RMNF i uttale til fylkestinget, understrekka at krav til universell utforming ikkje blir svekka. Dette vart teke inn i fylkestinget sitt vedtak.

Som tidligare nemnt er RMNF samansett av fire brukarrepresentantar frå FFO og SAFO og ein politikarar frå kvar av dei tre hovudutvala. Det gir rådet ein moglegheit til å fremja saker på vegne av rådet i utvala, gjennom politikarane i rådet. Til dømes slik det vart gjort i saka om val av standard for fylkesveg, der medlem i rådet og samferdselsutvalet fremja tilleggsforslaget om universell utforming som vart vedteke til slutt i fylkestinget.»

#### **Sak 10/16 Lovendringa angåande rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, fylkeseldrerådet og Ungdommens fylkesutval**

Ein sak vert lagt fram for dei tre medverknadsorgana i fylkeskommunen. Fylkeskommunen skal skrive ein uttale til høyringa som vert handsama i fylkesutvalet 19. mai. Råda har moglegheit til å få ein uttale inkludert i saka, dersom ein slik uttale vert levert inn til administrasjonen seinast 15. april. Råda har og moglegheit til å sende inn ein uttale direkte til departementet.

#### **VEDTAK**

Lovendringa angåande rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, fylkeseldrerådet og Ungdommens fylkesutval vert sett opp som ein politisk sak på neste rådsmøte.

Arbeidsutvalet ønskjer å sjå på moglegheita til å samkøyre uttala med dei andre råda og tek kontakt med leiariane der.

#### **Sak 11/16 Nettbrett til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Fylkeskommunen er trådlaus og utval får soleis ikkje saksdokument i papir lengre. Det føreset at ein har tilgang på nettbrett eller laptop i møta.

#### **VEDTAK**

Arbeidsutvalet ber administrasjonen om å klargjere om det er naudsynt for rådet å skrive ein sak, eller om det er ein administrativ prosess.

#### **Sak 12/16 Neste møte**

Rådet ønskjer å starte neste rådsmøte, 11. april, med ein synfaring på tannhelsestasjonen og tannlegevakta i Solheimsviken. Det er og ønskjeleg med ein orientering frå eigedomssjefen; generelt om avdelinga, samt om konkrete aktuelle saker som rådet bør vere merksam på. Fylkeskommunen har førebudd ein rapport om folkehelsearbeidet, og arbeidsutvalet meiner det er hensiktsmessig for rådet å få ein orientering om denne.

#### **VEDTAK**

Neste rådsmøte byrjar i Solheimsviken, så flyttar ein seg til fylkeshuset for to orienteringar og sakshandsaming.